

Vil du delta i forskingsprosjektet

Om nærvær i veiledningssamtaler.

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der målet er å sjå nærare på nærvær i veiledningssamtaler. I dette skrivet gjev me deg informasjon om måla for prosjektet samt kva deltakinga vil innebere for deg.

Formål

Formålet med prosjektet er å sjå nærare på fenomenet nærvær i veiledningssamtaler, og korleis dette kjem til uttrykk i relasjonen mellom veileidar og veggøkjjar. Prosjektet er ei masteroppgåve innan studiet Master i pedagogikk med vekt på didaktikk og leiing, ved USN.

Problemstillinga er:

Korleis kjem nærvær til uttrykk i veiledningssamtaler?

Forskingsspørsmåla:

- Korleis skildrar informantane oppleving av nærvær?
- Kva for synlege uttrykk for nærvær skildrar informantane?

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Universitetet i Sørøst-Norge er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Dette prosjektet blei presentert for vidareutdanningsstudiet ditt i veiledning på 30 studiepoeng av di dykk har erfaring i veiledning. Etter presentasjonen, der 2 grupper melde si interesse for å stille som informantar, blei kontaktinformasjon (mailadresse) formidla via lærar i studiet.

Kva inneber det for deg å delta?

Dersom du vel å delta i prosjektet inneber det følgjande:

- Videofilming av 2 veiledningssamtaler, som veileidar eller veggøkjjar (og observatør i gruppa på 3), på ca. 1 time kvar.
- Eiga analyse av ein utvald sekvens frå filmen, på inntil 20 min (totalt ca. 1 t arbeid):
 - Skrive refleksjonsnotat frå analysen
- Intervensjon i form av litteraturlesing eller øving mellom dei to veiledningssamtalene (max 4 t arbeid)
- Avsluttande fokusintervju (ca. 1,5 t arbeid)

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykke tilbake utan å opplyse om årsak. Alle opplysningar om deg vil då bli anonymisert. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvens for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

Ditt personvern – korleis me oppbevarer og brukar dine opplysningar

Me vil berre bruke opplysningane om deg til formåla me har fortalt om i dette skrivet. Me behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. I det transkriberte materiale vil de få fiktive namn.

Vedlegg 5, informasjonsskriv og samtykkeerklæring

- Databehandlar vil vere Åse B Sageie
- Følgjande vil ha tilgang til filmene:
 - Åse B Sageie
 - Informantar i same veiledningsgruppe vil ha tilgang til «sin» film
 - Eva Augestad Wikstøl og Kristin Solli Schøien, som veilederar
- Filmene vil bli lagra på kryptert minnepenn
- Nvivo er programvara som vil bli nytta til analyse av filmene
- Filmene vil bli lagra på krypterte minnepennar

Kva skjer med opplysningane dine når me avsluttar forskingsprosjektet?

Prosjektet skal etter planen avsluttas innan medio juni 2019. Alt av personopplysingar vil då bli sletta. Det same vil skje med alt videomaterialet.

Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva for personopplysingar som er registrert om deg,
- å få retta personopplysingar om deg,
- få sletta personopplysingar om deg,
- få utlevert ein kopi av dine personopplysingar (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombodet eller Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysingar.

Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?

Me behandlar opplysingar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Universitetet i Sørøst-Norge har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Kvar kan eg finne ut meir?

Dersom du har spørsmål til studiet, eller ynskjer å nytte deg av rettane dine, ta kontakt med:

- Åse B Sageie, student aase@sageie.no 97 16 09 89
- Kristin Solli Schøien, veiledar USN kristin.s.schoien@usn.no
- Eva Augestad Wikstøl, veiledar USN eva.a.wikstol@usn.no

- Pål Are Solberg, personvernombod USN paal.a.solberg@usn.no
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost (personverntjenester@nsd.no) eller telefon: 55 58 21 17.

Med venleg helsing

Kristin Solli Schøien
Prosjektansvarleg som veiledar

Åse B Sageie
Student

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet Bakom orda finst fargane – om nærvær i veiledningssamtaler og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å bli filma som deltakar i veiledningssamtaler
- å analysere delar av filmene i etterkant
- å delta i intervensjon knytt til nærvær
- å delta i reflekterande samtale

Eg samtykker til at mine opplysingar blir behandla fram til prosjektet er avslutta, ca. 01.06.19

(Signert av prosjektdeltakar, dato)